

- LAGSBLAD -

Nr. 4

April 1937

20 året

Dei siste møta

har vore gilde samkomor. Det opne møtet, 18 mars, drog mange folk til husar. Både salen og galleriet var fullsett.

Programmet var det vanlege på slike møte: Laget sine egne krefter var i elden. Og stort set kom alle vel frå det.

Vonleg vil det syna seg at tiltaket kjem til å bera frukter i form av mange og gode, nye medlemmer frametter.

Torsdag, 1 april, møttest atter lagsflokket etter ein framifrå påskeferie. Dei brune talskivone kvar ein vende seg vitna um ovgilde turar i sol og snø. Og alle var komne heilskinna heimatt.

I samsvar med «gamal» tradisjon var det leikemøte på denne fyrste samkoma etter påske. Og kaffi og bollor. (Det med «jordbær og fløyte» var diverre berre ein ufin skjemt frå styret si sida i tilføre 1 april.) Den åndelege kosten baud på solosong av fru

Wisa Godal og «Bondeguten» ved *Tora Hatteland*. Den uvanleg festlege songen åt fru Godal sette alle i godt humør. Og god stemning var det heile kvelden. Frammøtet var heller stort.

Sist torsdag, 8 april, hadde me fyre drag av redaktør *Fanebust*. Han gjorde greide for sitt syn på «Tider som var og tider som kjem». Det gjer godt å høyra noko som ligg utanum den jamne landevegen, stundom. Truleg var det svært ulike meiningar um det *Fanebust* heldt fram, so lagsfolket har venteleg fått noko å ordskiptast um ei rid.

Stor-dugnad på Hafrsro.

No er det ikkje radt lenge til utfersdstaden vår vert opna for sumaren. Styret for Hafrsro er alt i fullt arbeid med det som skal gjerast fyre folket slepp ut for ålvor: Vøling bå' ute og inne. Serleg er det fælände mykje som bør bli gjort *utandørs* i år.

Brunnen er ferdig no. Og det er i sanning eit gjævt arbeid! Vatn er det meir enn nok av, og sværande *godt* er det og, fortel Bj. Ledål. So no skal det endeleg verta slutt på den fordervelege vassberinga frå høgaste utmarkene.

Som nemnt er det mykje arbeid att. Det kann diverre ikkje dyljast at utferdsstaden vår smått i senn er vorten noko nedslurva. I fyrste rekkja er det vår eiga skuld. Me har venta for mykje av andre og sett mindre krav til oss sjølve. — Styret for Hafrsro har difor tenkt å få ein snunad på dette tilstandet med nokre dugnad-kveldar der ute.

No, då forretningar og kontor stengjer klokka 6, skulde det vera lett nok for dei fleste gutane i laget å hjelpa til med tvo-tri timars arbeid ein kveld eller tvo utetter våren. Formannen i styret for Hafrsro, Bjarne Ledål, kjem til å gå kring med ei lista, der dei som vil vera med ei kveldstund skriv seg upp. Seinare får ein greida på kva dag ein skal møte. Det må gjerast soleis avdi 10-12 mann får meir gjort etter måten enn 20-30. Dessutan er det tanken at dei som vert med på dugnadkveldane skal få seg eit lite festmåltid for umaken. — Sjølvsgt so einfelt som råd er.

Alle kann vera med i arbeidet der ute. Det trengst ingen «fagkunnskap». Det er vanlege ting som skal gjerast: Lø på stein, bera kvister og greiner, raka lauv, spa upp nokre torver, tjørebræda eit tak osb. Det er noko me greider alle saman når nokon segjer oss fyre.

Det kann gjerast eit lite under på Hafrsro soframnt lagsfolket — fyrst og fremst *mannfolka* — tek seg litt på tak her. Og det vil me oppmoda alle til å gjera!

Lat Hafrsro koma i mønsterstand no til sumars. So kann me syna fram sumarplassen vår til kven som helst utan å skjemmast.

Vaktlista for Hafrsro.

har me hugnaden å presentera hermed! Framifrå samansett og klårt uttenkt. Dei fleste som er gifte har fått konone sine med seg. Og det er ei stor vinning. So slepp ein i minsto «forklæde». — Elles vert det eit rimeleg arbeid å vera mannfolk på vaktene heretter. Sidan brunnen er komen, kann kvinnfolka sjølvsgt henta vatn sjølve. Det arbeidet som då er att for oss mannfolk vert å eta, sova middag og krevja inn pengar for kaffikoppene. Eit hendig liv. — Mest fullkome å kalla. — — Likevel: Det skal sterk helsa til å bera gode dagar. So me vil råda alle til varsemnd.

Hertil skulde det vera skjemt. No er det ålvor.

Merk Dykk den dagen De er uppsett som vakt! Møt fram so sant det på nokon måte let seg gjera! Samråd Dykk med dei andre i vakta um mat og sovore. Då vert det alltid gildast. — Og til slutt: Fylg fyreskriftene der ute og lever innkoma for dagen til kassestyraren *Gyda Reed* so snart råd er.

Vakta på «Hafrsro» 1937.

9 mai:	Opningsfest.
15—16 mai:	Margit Hatleskog, Dagfrid Hatleskog, Inge Are.
22—23 »	Einar Molaug med kona.
29—30 »	Synøve Sigvaldsen, Olga Risvoll, Anton Ree.
5—6 juni:	Ragnhild Århus, Bergliot Hodnesdal, Einar Kvalsheim.
12—13 »	Julie Ryen, Klara Risvoll, Brynjulf Skjærpe.
19—20 »	Borghild Fisketjøn, Ingrid Johnsen, Einar Nordaker.
23 juni:	Jonsokfest.
26—27 »	Ågot Ledål, Anny Bru, Kåre Vølstad.
3—4 juli:	Marie Joacimsen, Kristine Ims, Harald Takle.
10—11 »	Ragnhild Saltvold, Bergit Vik, Kjetil Osland.
17—18 »	Johs. Hatteland og kona.
24—25 »	Margrete Nymann, Rakel Espedal, Tor Espedal.
31 juli—1 august:	Borghild Folkvord, Rasmine Gimre, Tomas Clementsen.
7—8 august:	Thila Gudmundson, Elisabeth Strandenes, Otto Hiim.
14—15 »	Per Sekse og kona.
21—22 »	Ruth Asland, Ruth Johnsen, Peder Særheim.
28—29 »	Olaug Wåge, frk. Nesheim, Borsholm.
4—5 september:	Judit Sigvaldsen, Margrete Torkelsen, Knut Viste.
11—12 »	Kart Hatteland og kona.
18—19 »	Edwardsen Selvik og kona.
25—26 »	Styret.

Kassastyrar i Hafrsrostyret er *Gyda Reed, Tjensvoll.*

Barnelaget i Bul. 1936.

Barnelaget har i 1936 havt møte som vanleg kvar fredag. På alle møta har det vore øving i leik og turdans av ymist slag. Likeeins har ein på mange møte havt handskrive blad, opplesing av stykke på nynorsk og vanleg song. På umframmøte har ein havt øving i spelstykke, som er vortne framsynte på festane i laget.

So har ein havt eit leikekurs frå 20 desember i sju kveldar. Dette kurset er ein ikkje ferdig med enno. På kur-

set går ikring 20 gutar og gjentor — umfram fleire medlemer av barnelaget.

Den 28 mars hadde laget årsfest. Då vart eventyrspellet *Dei tri morsystrene* ved *Arna Våge* framsynt. Det var med 8 spelarar forutan fleire tenor og kongsmenn. Stykket, som er i tri vendingar, vart godt framsynt av dei unge spelarane, og dei fekk stor fagning. På festen hadde ein og gildt felespel av kontormann *Knut Gundersen* med tonefylgje av *Arna Våge*. Elles hadde barneleikarringen framsy-

ning, og det var leik og turdans i salen av alle i barnelaget.

Utferda til Hafrsro helgetorsdag fekk sers god tilslutnad som vanleg og var vellukka i godt solskin og varme.

Medlemer av barnelaget var med i brureferda då Guggedalsloftet på Mostun vart opna.

Medlemstalet var i 1936 45.

Styret har vore: Magnus Våge, formann. Anders Løvik, kassestyrar. Tora Wignes. Svanhild Bjelland.

M. V.

Gjestespel på Sandnes.

Sundag 21 februar gav spellaget stor gjesteframsyning på Sandnes. Det var på Goodtemplarane si marknadvika slaget stod. Og «Lars Anders og Jan Anders» gjekk for fullt hus og stor fagning yver telet. — —

Etter det spelarane kunde døma vart stykket sværande godt motteke. Men seinare er det kome for øyro at serleg dei som sat *heime* ikkje hadde havt noko vidare godt av

det. — — — Sume tykte det var for mykje *banning*. Andre lika ikkje all *drikkinga*. På den andre sida var det ihuga goodtemplalarar på Sandnes som meinte det var både *forlite* *banning* og *forlite* *drikking*, all den stund spelstykket hadde til oppgåva å syna kva ufyseskap det kann koma både av det fyrste og det siste. —

So mi sann er det ikkje greidt å gjera alle til lags, nei!

For «jøglarane» vart no elles ikkje spelferda heller utan resultat. Nettoen vart nemlig so fjerre at dei for ein gongs skuld fekk høve til å eta seg mette på «Mostun». Og både «JanAnders» og «LarsAnders» sa at *mette*, ja, *det* kunde dei no ikkje segja dei hadde vore på det dei kunde minnast. Kjerringane deira sa seg hjarteleg samde med det. Ein av dei få gongene dei i det heile har vore samde um noko. — — — «Karl Johan» — fyrsteelskaren — var sværande glad i alt som var søtt. So nær som blaute kakor. Likevel — sidan dei nøydde honom so sterkt — kunde han godt taka ei 5-6 stykke, trass i han var mett for lenge sidan. — Han «Jonas» hadde aldri vore nokon storetar. Difor heldt han seg so godt og! Og gjentelukka hadde aldri svikta han heller.

Saklista for april—mai:

Torsdag 22 april: Ordskite. «Ånd og uånd i Bondeungdomslaget.»

Innleidar *Th. Nesvik Johansen*.

Solosong av hr. *Otto Lampe*.

» 29 » Songarlaget har programmet på seg.

» 6 mai: Inkje møte. (Helgetorsdag.)

» 13 » Sumarprat på Hafrsro. «Bondeguten» med *Harald Takle* til bladstyrar. Mat tek ein med seg. Kaffi får ein kjøpa der ute. Um bilar og sovore vert det gjort greide seinare.

» 17 » *Fest*. Nemnd: Einar Molaug. Per Talgø. Per Skretting. Peder Særheim. Olga Molaug. Ruth Johnsen. Brynhild Nesvik. Johanna Thomsen. Marie Joacimsen.

Utgeve av Bondeungdomslaget, Stavanger. Bladstyrar Johs. Hatteland.

Aktietrykkeriet i Stavanger 1937.



SOMA

ved Filmteatret

Forlovelsesringer

Billigste priser!
Største utvalg!

*Frukt
Tobakk
Cigarar*

Alltid gode varor

OLAV HAMRE

Telefon 3440

Nytorget 5

Kåpe- og Kjolesøm

utføres

Nelly Husebø

Telefon 4232

Økonoms gård
Klubgaten 4

**Kjøp BØKER
OG
PAPIR**

i NYGATEN 2
øverste hjørnehus

K. OPSANGER

BOK HANDEL — PAPIRFORRETNING

ANDVAKE Det går framleies godt og jamt framover med Andvake. Målfolket i Rogaland som andre stader i landet, bør difor samla seg um Andvake når det gjeld alle former for livstrygding.

Umbodsmann for Rogaland:
Johs. Lunde, Hillevåg.

Umbodsmenn i Stavanger:

lærer Magnus Vaage, Wesselsgt. 32
skuleinspektør Øystein Eskeland
frk. Gunhild Bjerkreim, Suldalsgt. 12
kontormann L. Torgersen, Kampensgt. 4
gartnar Sverre Steinsvoll, Paradis 76
forretningsfører Ingvaldstad, Brønngt. 28

Det er venteleg tenleg for Dykk å høyra med ein av dei fyrr De tek avgjerd um livstrygding.

Matstova

Øvre Holmegt. 20

Middag frå kl. 12-16

Kaffistova

Østervåg 25

Middag frå kl. 12-16

Kaffistova

Torget 6

Mostun

ved Mosvatnet

Bondeungdomslaget.

Lagsfolk!

Hjå meg finn De eit flott
utval i

Ull-kjølety

til gamle prisar.

EINAR NORDAKER A/S

BREIDGATA 19

Stavanger Colonialforretning

har byens beste

brendte kaffe

VAALAND DAMPBAKERI

(G. Sønneland)

Musegaten 46 — Telefon 1810 f

Utsalg:


Skolegaten 17 — Telefon 3520

A. Mauland A/s

Klostergården - Telef. 2645

Elektrisk Forretning

Radioapparater



Engelsmindegaten 15 - Telefon 3119

Lars Bø

E l e k t r i s k
installasjonsforretning

A. I D S Ø E

Telefon . . 102 - 458

Rikstelefon 3020 - 3089

Etablert 1828

Kjøtt- og Pølseforretning

Belysningskunst



Spør etter teikningar
og yverslag.

A. Edvardsen Selvik


Cicelør - Verkstad Helandsgt. 45

BRYNE

JONAS JØRSTAD

BOKHANDEL

*All nyare litteratur
på lager.*



„SVITHUN“ er den beste sykkel
Avbetaling nrmommes

MASKINHUSET A.S
Bredgaten 9 STAVANGER

Største utvalg i
Spaser-, Sports-
og Arbeids . . .

Skotøi

Dame, herre og barn i alle prislag.

Landets beste fabriker
Yderst lave priser
Best - billigst.
En detail - en gros

O. THORSNÆS

KIRKEGATEN 42 STAVANGER
TELEFON 3690

J. ØSTEBØ

STAVANGER

Verksgt. 2 - Telefon 1873

Parafin hengellampor
Elektriske ljosekronor
Steinty - Postelin - Glasvaror

En gros - En detail

Ingi gáva

pryder

som blomac frå

Blomsterhallen

ALT I

HEILNORSK GARN

Rogalandsgarn	Norgesgarn
Tvinggarn	Plantef. garn
Glitregarn	Slumregarn
Gretegarn	

ROGALANDS ULLVARELAG
BREDGATA 16

Ingeleiv Eikeland

Syforretning

Kyrkjegt. 18 - Telefon 3594

Kjole- og kåpesaum

Godt arbeid!
Rimelege prisar og
alt i nyaste snitt.

Godt drikka!

Løna med fleire medaljor



Hjå meg kann De få kjøpa

BRUS ● SELTERS ● FARRIS
SØT OG SUR SAFT ● EPLESAFT
VYRTERØL ● IDUN EDDIK OG SENEP

GUNNAR LØVIK

Kongsgata 36 - Telefonar 727k, 228



**Garantien for
god margarin!**



A/S MARGARINCENTRALEN